I Alver (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 9. oktober 2020



Siv-Merete Vedå
-Kunderådgjevar-

Fra: [Kari Johannesen](#)
Til: [Olivier Ceysens](#)
Emne: VS: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Furhovden - Gnr. 144 bnr. 1 mfl. - Alver kommune
Dato: fredag 16. oktober 2020 14:49:33
Vedlegg: [image001.png](#)

Med beste helsing
Kari Johannesen
Dagleg leiar/planleggar
Mob: 95832614
Ard arealplan as

Fra: Toralf Otnes <toot@nve.no>
Sendt: fredag 16. oktober 2020 14:34
Til: post <post@ardarealplan.no>
Kopi: Alver kommune <post@alver.kommune.no>; fmvipost@fylkesmannen.no
Emne: NVE sitt generelle innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Furhovden - Gnr. 144 bnr. 1 mfl. - Alver kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 09.10.2020.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL). Forslagsstillar har ansvaret for at desse interessene er vurdert i planarbeidet.

Flaum, erosjon, skred og overvatn

God arealplanlegging er det viktigaste verkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Omsynet til flaum må og sjåast i samanheng med lokal overvasshandtering. Auka grad av utbygging i nedbørfeltet gir auka del tette flater. Dette bidreg til raskare avrenning og krappare flaumtoppar nedstraums. Dersom vassdraget ikkje har kapasitet til å ta imot denne auka avrenninga, må det planleggast med tilstrekkelege dryingstiltak i nedbørfeltet som oppveg auken. Dette må gjerast tidleg i planprosessen slik at det vert sett av tilstrekkeleg areal til tiltaka.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesser, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (VRL). Dersom det er trong for at NVE skal gjere vurdering av konsesjonsplikt av vassdragstiltak i planen, ber vi om at dette kjem klart fram i oversendingsbrevet. NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit vel fungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må difor ta omsyn til anlegg som er planlagt eller har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga. Dersom planen er i konflikt med energiinteresser, bør aktuelle energiselskap involverast tidleg.

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprossar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- [NVE sine sider om urbanhydrologi](#) og www.miljokommune.no gir nyttig informasjon om korleis overvatn bør handterast i arealplanlegginga.
- For vurdering av overvatn kan og følgjande publikasjonar frå Norsk Vann være aktuelle. Norsk Vanns veileder A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vanns rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*», <https://www.norsk vann.no/index.php/kompetanse/va-bokhandelen>.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn.

NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta. Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til nve@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#). Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



NVE handsamar dine personopplysningar i samsvar med personvernregelverket. Sjå korleis [her](#).

Avsender: Statens vegvesen
Postboks 1010
Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER



146354-330-22

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

**Vedr. 20-191952-2 - Uttale til oppstart av detaljreguleringsplan - Furhovden - gnr. 144 bnr. 1 m.fl.
- Alver kommune - ny varsel om oppstart av detaljreguleringsplanarbeid**



Innbyggere kan motta post digitalt fra Statens vegvesen. For å motta post digitalt må du opprette digital postkasse hos eBoks eller Digipost. Dette kan du gjøre på www.norge.no

Virksomheter mottar digital post i Altinn

1.063

330#1961:51e3f885-e183-4f08-aaa4-5aa95f11eae2d:1



Statens vegvesen

Ard Arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/191952-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.11.2020

Uttale til oppstart av detaljreguleringsplan – Furhovden – gnr. 144 bnr. 1 m.fl. – Alver kommune – nytt varsel om oppstart av detaljreguleringsplanarbeid

Vi viser til brev frå Ard arealplan dagsett 09.10.2020. Saka gjeld nytt varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fuhovden, gnr. 144 bnr. 1 m.fl. i Alver kommune. Det vert opplyst at førre varsling var i 2010 og at bakgrunnen for at planarbeidet stoppa opp i si tid var at ein venta på godkjenning av Statens vegvesen sin vegplan for fylkesvegen. Frist for uttale er sett til 22.11.2020.

Dette er ei reguleringssak som i lengre tid har vore utan framdrift. I mellomtida er kommuneplanen blitt revidert fleire gonger, kommunar har slått seg saman og det har skjedd ei vesentleg arealutvikling i det som i dag er Alver kommune. Når vi no mottar nytt varsel om oppstart vurderer Statens vegvesen dette som ei ny sak med utgangspunkt i gjeldande kommuneplan, dagens trafikkmengd, gjeldande tekniske krav og overordna nasjonale mål knytt til auka tilrettelegging for kollektiv, sykkel og gange.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for 5–10 nye bustadar. Fylkesveg 5475 inngår i planområdet.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



330 2

330#1963:51e3f885-e183-4f08-aaa4-5a95111eae2d:3

Uttale

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheits analyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:


- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmonster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomelegheit for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Ved planområdet er det fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafiksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Fylkesvegen er allereie regulert gjennom reguleringsplan vedtatt i 2016, *Fv. 404, Strekninga Kvamme – Fossevatnet*. Reguleringsplan for fylkesvegen legg til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar, sanering av avkøyrslar og endra tilkomst til planområdet.




Figur 1 Utsnitt av reguleringsplan for fylkesvegen

Bakgrunn for planarbeidet var at fylkesvegen har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. I lys av trafikkmengd, planlagt utbygging og manglande tilbod til mjuke trafikantar såg ein behov for opprusting av vegstrekninga.

Reguleringsarbeidet for Furhovden må tilpasse seg gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen. Dersom det ikkje ligg føre offentleg finansiering for gjennomføring av dei regulerte og naudsynte vegtiltaka må ein i planen ta stilling til behovet for rekkefølgjekrav. I samband med dette ber Statens vegvesen plankonsulent om å ha eit særskilt fokus på korleis ein skal ivareta trafikktryggleiken i anleggsfasen.

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.



Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Vår referanse 2020/73855-5
Dato 16.11.2020

ARD AREALPLAN AS
7 etasje Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Att. Olivier Ceyskens

Innspel til oppstart av detaljreguleringsplan for Furhovden, gnr. 144 bnr. 1 mfl. Alver kommune

Vi viser til brev datert 9.10.2020 om oppstart av arbeid detaljregulering for Furhovden i Alver kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 5 - 10 nye bustader innan planområdet. Planområdet omfattar mellom anna fylkesveg 5476 Skarsvegen, og er lokalisert like nord for kryss ved kommunal veg ned til Kvamsvågen kai, og sør for fylkesvegen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Vurdering og innspel

Planfaglege innspel

Planområdet ligger drygt 3 km frå næraste tettbygde strøk, Alverstraumen, og noko nærare Alversund skole, i eit område prega av grønt kulturlandskap og nokre einebustader. Landskapet er småkupert, og godt synleg frå byfjorden. utan butikk eller service i gangavstand. Busette i dette området vil i stor grad vere avhengig av privatbil for daglege gjeremål, og økt privatbilisme fører med seg utfordringar som klimagassutslepp, lokal luftforureining, støy og nedbygging av naturområde. Ein slik utvikling strir med nasjonale og regionale målsettingar der bustadbygging vert lagt til eksisterande senter og kollektivstopp med frekvent tilbod.

Areal og transport

Regional Transportplan for Hordaland (RTP) konkretiserer dei nasjonale måla om ny reisemiddelfordeling og nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet. Bergensområdet er her definert som Bergen, Fjell, Sund Øygarden, Askøy, Meland, Lindås, Radøy, Osterøy, Vaksdal, Samnanger og Os. For å oppnå mål om at auka persontrafikk skal skje ved gange, sykkel eller kollektivtransport må ny arealbruk og transport planleggjast i høve til kvarandre. Nye bustader skal hovudsakleg lokaliserast i nærleik til definerte senter og kollektivstopp med frekvent tilbod. Gang- og sykkeltilkomst til senter, skule og busstopp må vere trafiksikker. Ny bustadetablering på Furhovden ligg utanfor kva som regnast for eit lokalsenteret i avgrensing, men i akseptabel gang- og sykkelavstand for bustader i område med relativt låg tettheit. Området manglar eit stykke langs fylkesveg for å sikre samanhengande trygg skuleveg til Alversund skule, og vi rår til at det vert satt krav om opparbeiding av dette før bruksløyve for busetnaden, nedfelt i føresegnene. Meir om dette nedanfor.

Veg og infrastruktur

Planområdet omfattar mellom anna fylkesveg 5476 Skarsvegen, og er lokalisert like nord for kryss ved kommunal veg ned til Kvamsvågen kai, og sør for fylkesvegen.




Fig: Forholdet mellom reguleringsplan for Furhovden (Stipla raud linje) og reguleringsplan for fylkesveg 5476 Skarsvegen.


Innspel til planarbeidet

Vi ber generelt om at følgjande tema vert tekne omsyn til i planprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (Kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar mm)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplass, skule mm)
- Byggjegrense langs fylkesveg.
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i byggje- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar.
- Vegtrafikkstøy.
- Tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

I denne konkrete saka er fylkesvegen allereie regulert gjennom reguleringsplan *Fv. 404, Strekninga Kvamme - Fossevatnet (2016)*. Det vidare planarbeidet må vurdere korleis dei to planane skal samordnast. Vi rår til at plangrense for Furhovden vert endra slik at den omfattar alt areal for fylkesvegen slik den er vist i reguleringsplan for fylkesvegen, og slik at også arealet nord for fylkesvegen vert inkludert i plan for Furhovden. Det kan til dømes vere aktuelt å legge eit føresegnsområde over vegplanen, slik at vegplanen ikkje vert endra, men at det vert knytt eigne føresegner og rekkefølgjekrav for utbygging. Det vidare planarbeidet må vurdere kva plangrep som er rett i dette tilfellet.

Reguleringsplan for fylkesvegen syner ei utbetring av fylkesvegen, framføring av tilbod til mjuke trafikantar, sanering av avkøyrslar med meir, og ei omlegging av avkøyrslar til planområdet. Store deler av planområdet langs fylkesvegen er vist som anna veggrunn grøntareal, og kan ikkje endre føremål i ny plan.



Det vidare planarbeidet må ha framlegg til rekkefølgjekrav og føresegner som sørger for at naudsynt infrastruktur vert utbygd. Vi vil her vise til krav om opparbeiding av fylkesveg og fortau på strekninga, jf KPD for Knarvik - Alversund med Alverstraumen (2018 - 2035) § 2.5.2:

2.5.2. REKKEFØLGJEKRAV FOR OMRÅDE

Før utbygging av nye bueingar og bruksendingar som vil føre til auke i trafikkmengda for eigedommar som ligg langs fv. 5476 frå Kvamme til Skaret, ved grense mellom gardsnummer 148 og 149, skal fylkesvegen vera utbetra og fortau etablert i samsvar med reguleringsplan Fv. 404 parsell Kvamme-til kryss ved veg til Fossevatnet, planID 1263-201112. For dei eigedomane som ligg innanfor området for reguleringsplanen, er det tilstrekkeleg at utbetring av veg og etablering av fortau er gjennomført fram til eigedomen.

Området er illustrert i vedlegg B.

Vi tolkar denne føresegna slik at veganlegget forbi planområdet skal vere opparbeidd før utbygging av nye bueingar. Føresegnene til planen må og stille krav til gjennomføringsavtale med vegeigar.

Det må og stillast krav om at fylkesveg og fortau skal vere utbetra og ferdigstilt vidare sørover ved den såkalla Kvamsbrekko, før ein gjev løyve til utbygging av Furhovden. Denne strekninga er prioritert, men det er uvisst kor tid vegarbeidet vert sett i gong og ferdigstilt. Planarbeidet for Furhovden må tilpasse plangrense med prosjekt for Kvamsbrekko.

Barn og unges interesser

Avkøyrslar og interne tilkomstveggar innanfor planområdet må teke særskilt omsyn til at barn og unge kan ferdast trygt. Eigne områder bør også settast av til leikeområde. Som nemnd, er det viktig å få etablert fortau langs fylkesveg frå planområdet til Alversund skole, så skulevegen vert trygg.

Kulturminne og kulturmiljø

Vi ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Vestland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vestland fylkeskommune kan gjere administrativt vedtak til tiltak som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneinteresser.

Automatisk freda kulturminne

I området er det registrert ei rekkje førhistoriske gravminne. Eit av desse ligg innanfor planområdet, ein gravhaug med Askeladden id. 124609. Automatisk freda kulturminne skal som hovudregel bevarast i reguleringsplan gjennom arealformål som ikkje opnar for nye tiltak, kombinert med omsynssoner og tilhøyrande føresegner, jf. plan- og bygningslova §§11-c, 11-8d og 12.6. Automatisk freda kulturminne skal markerast med omsynssone d (SOSI-kode H730), avgrensinga skal omfatte lokalitetsavgrensing samt fem meter sikringssone. Vidare bør det leggjast ei omsynssone c (SOSI-kode H570) i eit større areal rundt lokaliteten for å sikre kulturminne mot inngrep og skjemming, jf. §3 i kulturminnelova.

I vårt endelege fråsegn vil vi ta stilling til om det er tatt tilstrekkeleg omsyn til gravminnet i plan, jf. § 3 i kulturminnelova.

Det er potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne i planområdet. Planområdet si høgde over havet og topografiske høve indikerer potensiale for funn av buplassar og aktivitetsstader frå steinalderen. Dyrka mark har potensiale for funn av åkrar og gardstun frå bronse-, jarn- og mellomalder.

Vi finn det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Det vil vere ei føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jf. § 9 i kulturminnelova, jf. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Eige brev med nærare opplysningar om den arkeologiske registreringa vert ettersend.

Nyare tids kulturminne

Planområdet ligg innafor Den Indre Farleia (Askeladden-ID K416), som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse og med høg regional verdi.

I kommunedelplanen for Knarvik, Alversund og Alverstraumen er denne delen av Den indre farleia lagt inn under omsynssone bevaring av kulturmiljø, som H570_1. I føresegna § 4.2.4 bokstav b) står det mellom anna følgjande for denne omsynssona:

“Kvalitetane i omsynssona for Den indre farleia skal sikrast gjennom ei restriktiv

haldning til større inngrep i form av faste eller flyttbare bygningar, konstruksjonar og anlegg, og til andre større inngrep i landskapet. (...)

Alle reguleringsplanar og større tiltak innanfor omsynssona, som kan verke inn på eit kulturminne eller forholdet mellom kulturminnet og den indre farleia, skal planleggast, prosjekterast og utførast slik at tiltaket har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket og omgjevnadane. Det skal takast omsyn ved plassering og utforming, for å unngå negative estetiske og miljømessige konsekvensar. Ved regulering/søknad skal desse innehalde illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad."

Som eit utgangspunkt reknar Vestland fylkeskommune med at Alver kommune i denne saka vil ha ei restriktiv haldning.

I det vidare planarbeidet er det viktig at det vert grundig utgreidd og illustrert i høve dei estetiske verknadene av tiltaket, både kva gjeld nær- og fjernverknad, og vidare at det vert grundig utgreidd korleis tiltaket vil ta omsyn til verneverdiane.

Innafor planområdet er det i følgje SEFRAK-registeret fleire bygningar som er meldepliktige etter kulturminnelova § 25, mellom anna ei leirstove. I tillegg til at ein tek omsyn til ståande bygg innafor planområdet, ber vi om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre

<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune vurderer at planområdet ligger utanfor definert både senterområde og kollektivakse med frekvent tilbod, og utvikling her vil stri mot regionale og nasjonale føringar for bustadetablering. Ved planlegging vil vi rå til at forslagsstillar legger opp til låg utnytting og godt tilpassa busetnad til eksisterande landskap og kulturmiljø. Vidare vil vi rå til at det vert lagt særleg vekt på plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg, tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt, byggjegrænse langs fylkesveg, tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i byggje- og anleggsfasen, vegtrafikkstøy, tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker. Avd. for kulturarv har varsla at det vil vere naudsynt med arkeologisk registrering, og at fleire bygningar er meldepliktige etter kulturminnelova § 25, mellom anna ei leirstove.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Tone Bøyum, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Vestland